



Kim Arne Kleiveland Reknes
Gripavegen 76
5919 Frekhaug

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/5840 - 23/65898

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune
.no


Dato:
31.08.2023

Vedkomande førespurnad om førehandskonferanse - gbnr 213/18 Eikanger nedre


Vi syner til Dykkar førespurnad om førehandskonferanse.

Følgjande informasjon er sendt inn:

Det er ynskjeleg å byggje terrasse på bygget side mot sjø. Tiltaket har ei storleik på om lag 20x4 meter. Det er ynskjeleg å få ei attendemelding på om det er sannsynleg å få løyve til dette.



Eigedomen ligg innafor det som i kommunedelplan for tidlegare Lindås er sett av til offentlig eller privat tenesteyting (forsamlingslokale).



Tiltaket er vurdert å vere i samsvar med føremålet.

Det ligg ikkje ei byggjegrænse mot sjø, og det vil vere plan- og bygningslova § 1-8 som gjeld, altså den generelle 100 metersgrænse mot sjø. Ved søknad om etablering av tiltak må det også søkjast om dispensasjon i frå § 1-8 i plan- og bygningslova.

Vidare ligg eigedomen innafor bandleggingsone 710 for regulering etter plan- og bygningslova. Denne gjeld for ny E39, og det kan vert aktuelt å sende søknad til uttale til Statens vegvesen.

De etterspør om det er sannsynleg å få løyve til omtala tiltak. Det er dessverre ikkje mogeleg å gi uttale i sakar der det søkjast dispensasjon. Søknad skal til uttale til regional mynde, og det vil vere ei større tverrfagleg vurdering som ligg til botn i utfall av desse sakane.

Vi ber om attendemelding om det framleis er aktuelt å avhalde førehandskonferanse med frist til **14.09.2023**.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kim Arne Kleiveland Reknes

Gripavegen 76

5919

Frekhaug